FJELLNETTVERKET

Referat styringsgruppemøte

Mat og opplevingar i fjellet

Dato: 15.03.23

Møtestad: Teams-møte

Tidspunkt: 10.00-11.30

Til stades:

Anne Skaug Nisi, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Maren Solvang Johnsen, Søberg Gard
Marit Nerol, Nerol Gard
Kjersti Grøndahl, Statsforvaltaren Oslo og Viken (vara)
Kari Randen, Fjellnettverket/prosjektansvarleg

Elin Halland Simensen, prosjektleiar og referent

Forfall:

Olav Røssum, styreleiar Fjellnettverket
Nina Glomsrud Saxrud, Statsforvaltaren Oslo og Viken
Anniken Fægri Damm-Larsen, Innovasjon Norge, Telemark og Vestfold
Kristin Orlund, Landbruk- og matdepartementet

Kari Randen leia møtet.

SAKLISTE

A. INNKALLING OG REFERAT 3

SAK 1/23: INNKALLING OG SAKSLISTE 3
Vedtak sak 1/23:..... 3
SAK 2/23: GODKJENNING AV REFERAT 3
Vedtak sak 2/23:..... 3

B. ORIENTERINGSSAKAR..... 3

SAK 3/23: STATUSORIENTERING 3
Vedtak sak 3/23:..... 5
SAK 4/23: ØKONOMISTATUS..... 5
Vedtak sak 4/23:..... 5

FJELLNETTVERKET

C. VEDTAKSSAKAR **5**

SAK 5/23: NAMN PÅ SERVERINGSORDNIGNA 5

Vedtak sak 5/23 ..... *5*

SAK 6/23: BUDSJETTJUSTERING 6

Vedtak sak 6/23: *6*

D. MØTEPLANAR **7**

SAK 7/23 MØTEPLAN 7

Vedtak sak 7/23 ..... *7*

E. EVENTUELT **7**

SAK 8/23 SAMLA OVERSIKT OVER AKTØRAR SOM PRODUSERAR OG SEL LOKALMAT 7

Vedtak sak 8/23 ..... *7*

A. INNKALLING OG REFERAT

SAK 1/23: INNKALLING OG SAKSLISTE

VEDTAK SAK 1/23:

Styringsgruppa godkjenner innkalling og saksliste.

SAK 2/23: GODKJENNING AV REFERAT

Referat frå møte 9.12.22 vart lagt fram for styringsgruppa.

VEDTAK SAK 2/23:

Styringsgruppa godkjenner referat frå møtet 9.12.23.

B. ORIENTERINGSSAKAR

SAK 3/23: STATUSORIENTERING

Statusrapport per 10.03.23 vart lagt fram i møtet.

Hausten og vinteren 2022/2023 er det hovudsakeleg arbeidd med å legge til rette for møteplassar for deltakarverksemdene, auke kunnskapen deira om berekraftig bruk av ressursane i fjellområda og å kome vidare i arbeidet med heimeserveringsordninga.

Utviklingsverkstadar og møteplassar
Det er gjennomført utviklingsverkstadar i Telemark og Viken der tema var berekraft og lokalmat. Målgruppa for verkstadane var bedrifter som produserer, foredlar, serverar og sel lokal mat og lokale opplevingar. Rådgjevarar frå fylkeskommunane, Innovasjon Noreg, Statsforvaltaren og kompetansemeklar i fylkeskommunane var med på samlinga.

Deltakarane på verkstaden fekk ei grundig innføring i kva berekraft er og dei jobba med ulike problemstillingar; 1) Kan berekraft gjere bedrifta di lønsam? og 2) Korleis kommunisere berekraft og det å høyre til fjellet.

Foredragshaldarar på verkstaden var Olav Bleie frå Alde sider i Hardanger, Ola Hedstein frå Rethink Food og Pål Knutsson Medhus frå Høve Støtt.

Deltakinga på verkstaden var god, med 30 deltakarar i Telemark og 40 deltakarar i Viken.

FJELLNETTVERKET

Webinar

Tema: Salet av lokalmat – korleis går det eigentleg?

Det er arrangert webinar om sal av lokalmat. På webinaret fekk deltakarane ein situasjonsrapport om korleis det går med salet av lokalmat og kva som er erfaringane til produsentar og matnettverk.

Innleiarar var Petter Bjørgan frå Stiftinga Norsk Mat, Annette Svastuen frå Gudbrandsdalsmat og Jarle Rueslåtten frå Larsgard / Rueslåtten Ysteri.

Heimeserveringsordninga

Engasjementet og interessa for å vere med som deltakar i prøveordninga har vore langt større enn forventa. Invitasjonar vart sendt ut via kontaktar i fylkeskommunane, Statsforvaltaren, til verksemdene som har vore med til Grüne Woche, og til landbrukskontora og faglaga i fjellkommunane (Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget) med oppmoding om å dele vidare i sine nettverk. Mange gardsbruk tok sjølv kontakt etter å ha sett invitasjonen og ville vere med, og nokre vart forslått av andre som meinte dei kunne vere egna til vere med.

Prosjektplanen foreslår at det veljast ut eit til to gardsbruk frå kvart fylke til prøveordninga. Sidan interessa for ordninga var så stor og for å gjere prøveordninga mindre sårbar og ha eit betre evalueringsgrunnlag vart talet på deltakarar utvida. Det er valt ut til saman 12 ulike gardsbruk (tre frå Innlandet, fire frå Vestfold og Telemark, fire frå Viken og ein frå Trøndelag) til å teste ut ordninga. Ikkje alle som melde interesse er vald ut til å vere med.

For at deltakarane skulle bli betre kjent med kvarandre og med prosjektet er det gjennomført oppstartssamling. Samlinga var fysisk og var lagt til Oslo, dei som ikkje deltok på den fysiske samlinga var med på ei digital samling. På samlinga fekk deltakarane meir kjennskap til prosjektet, til heimeserveringsordninga og kva som må vere på plass før dei kan opne opp for servering. I tillegg vart gjort ei kartlegging for å få oversikt over kva som er behova og ynskja til deltakarane som er med. Kartlegginga e vil legge grunnlag for komande aktivitetar.

Gro Haugvaldstad Kleiberg frå Kompetansenettverket for lokalmat/ Nofima deltok på samlingane.

Mattilsynet:

Det er jamleg dialog med Mattilsynet om arbeidet med heimeserveringsordninga.

Dei seinare åra har det skjedd ei oppmjuking av regelverket og det ligg til rette for at ein kan prøve ut servering frå eige kjøken innanfor dagens regelverk.

Mattilsynet er positive til at ein får prøveordninga i gang og har tatt initiativ til at dei samordnar seg slik at handsaminga av registreringane frå verksemdene som skal delta i serveringsordninga blir lik uavhengig kor i landet verksemdene kjem i frå.

Kompetansenettverket for lokalmat/ Nofima

Det samarbeidast tett med Kompetansenettverket for lokalmat/Nofima for å gjere verksemdene klare for ta i mot gjester for servering i sitt eige hus.

Det er gjennomført kartlegging av korleis verksemdene tenkjer seg å drive serveringsverksemda si og kva dei vil servere. Kartlegginga og behova til verksemdene vil vere utganspunkt for korleis løpet med Kompetansenettverket/Nofima leggast opp vidare. Det kan bli aktuelt å legge opp til kurs og individuell rettleiing.

Nofima/Kompetansenettverket for lokalmat vil bidra med timar frå «Besøksordninga» til den individuelle rettleiinga.

VEDTAK SAK 3/23:

Styringsgruppa tar saken til orientering.

SAK 4/23: ØKONOMISTATUS

Økonomistatus per 10.03.23 vart lagt fram i møtet.

Budsjettet for prosjektåret er kr 2.500.000. Status per 10.03.23 viser et forbruk på kr 1.237.311.

VEDTAK SAK 4/23:

Styringsgruppa tar økonomistatus til orientering.

C. VEDTAKSSAKAR

SAK 5/23: NAMN PÅ SERVERINGSORDNIGNA

For at deltakarane i serveringsordninga skulle få eigarskap til namnet på serveringsordninga vart namneforslaga diskutert med deltakarane. Deltakarane syntest ikkje forslaga frå prosjektleiinga og styringsgruppa var spesielt gode, og ynskte «Bondens bord» som namn på ordninga.

Styringsgruppa diskuterte det nye namnet og synest det er eit er godt forslag. Styringsgruppa meiner det viktigaste er at deltakarane som skal vere med i ordninga kjenner eigarskap til namnet. I møte kom det innspel på om det kan vere aktuelt å ha ein engelsk versjon av namnet på serveringsordninga.

VEDTAK SAK 5/23

Styringsgruppa støttar namneforslaget frå deltakarane og vedtar at namnet på serveringsordninga i fjellet blir «Bondens bord». Prosjektleiinga sjekkar ut med visitselskapa om det kan vere aktuelt å ha en engelsk versjon av namnet.

SAK 6/23: BUDSJETTJUSTERING

I møtet vart det lagt fram forslag til justering av budsjettet for andre prosjektår.

Interessa for å vere deltakar i serveringsordninga har vore langt større enn det ein såg for seg når prosjektet starta. Dette saman med auka prisar på reise- og overnatting gjer at det leggjast fram forslag om å auke budsjett- og finansieringsplanen frå 1.12.2022 med kr. 100.000.

Budsjettauka dekkast inn ved at tilskotet frå Statsforvaltaren i Trøndelag går inn i finansieringsplanen for 2. prosjektår.

Finansiering 2. prosjektår	
Viken fylkeskommune	800 000
Vestfold og Telemark fylkeskommune	800 000
Innlandet fylkeskommune	800 000
Fjellandbruksmidlar Statsforvaltaren i Viken	50 000
Fjellandbruksmidlar Statsforvaltaren i Innlandet	50 000
Fjellandbruksmidlar Statsforvaltaren Trøndelag (Låg i budsjettet for fyrste prosjektår, men ikkje brukt, har fått utsetting på rapportering på desse til 1.10.2023)	100 000
Sum finansiering	2 600 000

Kostnadar 2. prosjektår	
Prosjektleiing, løn og sosiale kostnadar	950 000
Reisekostnadar prosjektleiing	50 000
Innkjøpte tenester (rapportar, formidling og innleie av kompetanse)	1 000 000
Studietur	220 000
Reise/ overnattingskostnadar deltakarar	370 000
Driftskostnadar	10 000
Sum	2 600 000

Samla over tre år, vil finansiering og budsjett vere det same.

VEDTAK SAK 6/23:

Styringsgruppa godkjenner justert budsjett og finansieringsplan per 15.03.23.

FJELLNETTVERKET

D. MØTEPLANAR

SAK 7/23 MØTEPLAN

Dato	Tidspunkt	Stad	Møte
22.08.23	10.00-11.30	Teams	Styringsgruppemøte
05.12.23	10.00-11.30	Teams	Styringsgruppemøte

VEDTAK SAK 7/23

Styringsgruppa godkjenner møteplanen.

E. EVENTUELT

SAK 8/23 SAMLA OVERSIKT OVER AKTØRAR SOM PRODUSERAR OG SEL LOKALMAT

Det vart tatt opp i møtet om det finst ei samla oversikt over aktørar som sel lokalmat dei ulike fylka.

Skal ein få til auka bruk av lokalmat i reiselivet må det vere enkelt for reiselivsverksemdene å finne dei lokale produsentane.

Styringsgruppa kom med følgande innspel:

- Det arbeidast med matregionsatsingar i fleire av fylka, kan det komme noko slikt gjennom dette arbeidet?
- Produsentane er synlege i forskjellige salskanalar, appar og nettsider, men det finst ingen samla oversikt.
- Det er krevjande å halde lister over produsentar oppdatert
- Det finst lister men ingen for utsending
- Ei samla oversikt over produsentar er eit godt forslag, men det må avklarast korleis det er med personvern og GDPR

VEDTAK SAK 8/23

Prosjektleiinga diskuterer saka om samla oversikter over lokalmatprodusentar med fylkeskommunane.